

Månad: Februar 2017

AKTIVITET

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 547	1 609	-62	1 524	23	3 155	3 218	-63	3 194	-39
Tal utskrivne pasientar	85	91	-6	80	5	182	182	0	179	3
Poliklinisk dagbehandling	39	28	11	28	11	93	55	38	54	39
Polikliniske kons. m/refusjon	2 324	2 166	158	2 326	-2	4 985	4 332	653	4 585	400
Rus										
Tal heildøgnsopphald	546	696	-150	554	-8	1 107	1 391	-284	1 102	5
Tal utskrivne pasientar	14	15	-1	17	-3	38	30	8	35	3
Polikliniske kons. m/refusjon	264	313	-49	260	4	565	627	-62	589	-24
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	118	109	9	74	44	208	218	-10	154	54
Tal utskrivne pasientar UPH	7	8	-1	8	-1	16	17	-1	19	-3
Polikliniske kons. m/refusjon	1 644	1 756	-112	1 645	-1	3 713	3 645	68	3 424	289

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

God aktivitet innanfor psykisk helsevern i perioden. Aktiviteten er om lag på nivå med førre året, og litt betre enn budsjett. Beleggsprosenten på DPSa er 90 prosent i snitt. Akuttposten hadde 77 prosent belegg i februar.


Innanfor rus er aktiviteten litt lågare enn plan i perioden, noko som skuldast utfordring med flyten mellom avrusing og rehabilitering ved rusposten på Tronvik. Det er gjort endringar i oppgåvefordelinga, og vi reknar med å ha verknad av dette frå mars. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 77 prosent i februar.

Akkumulert er aktiviteten høgare enn førre året.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

God aktivitet i perioden, både på UPH og ved poliklinikkane. 70 prosent belegg på UPH i februar.

Akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret.

Beleggsprosent døgncenter


Beleggsprosenten i februar er over 85 prosent på alle DPSa, og jamt over høgare enn gjennomsnittet dei siste tolv månader. Framleis litt lågt belegg på RUS døgncenter Tronvik. UPH har hatt vesentleg høgare belegg i februar enn i dei fleste månader siste år.

ØKONOMI

Psykisk helsevern	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	30 803	31 144	-341	62 314	62 314	0
ISF egne pasientar	1 585	1 984	-399	3 199	4 036	-837
Gjestepasientar	43	183	-141	75	367	-292
Polikniske inntekter	6	-	6	18	-	18
Andre øyremerka tilskot	158	114	44	284	227	57
Andre driftsinntekter	743	778	-34	1 597	1 610	-13
Sum driftsinntekter	33 338	34 202	-865	67 487	68 554	-1 067
Kjøp av offentlege helsetenester	1 949	1 213	-737	3 112	2 425	-687
Kjøp av private helsetenester	48	134	85	102	268	166
Varekostnader knytt til aktivitet	346	417	71	723	836	112
Innleige av personell	1 243	1 029	-214	2 174	2 058	-116
Løn til fast tilsette	21 467	22 241	775	43 710	44 587	878
Overtid og ekstrahjelp	557	715	158	1 066	1 429	363
Pensjon inkl. arbeidsgjevaravgift	4 741	4 741	-0	9 482	9 482	-0
Offentlege tilskot og refusjonar vedr. arbeidskraft	-963	-702	261	-1 587	-1 404	183
Anna løn	2 988	3 217	228	6 147	6 434	287
Andre driftskostnader	1 016	1 197	182	1 916	2 438	522
Sum driftskostnader	33 392	34 202	810	66 846	68 554	1 709
Driftsresultat	-55	0	-55	641	0	641

Perioden:

Aktivitetsbaserte inntekter (ISF) er lågare enn budsjett i perioden. Dette skuldast at vi har budsjettert med ISF-inntekt for all poliklinisk aktivitet, også for den delen av betalinga som er overført frå HELFO-oppgjjer til basisinntekt. Dette utgjer om lag 0,45 mill. per måned, og i styresak om budsjett for 2017 er det vedteke at vi skal få tilført den manglande basisinntekta på eit seinare tidspunkt ved lågare aktivitetsbasert inntekt enn budsjettert.

Personalkostnadene i perioden er lågare enn budsjett som følgje av vakante stillingar og lågt sjukefråvær. Kostnader til kjøp av behandlingsslassar i andre regionar er høgare enn budsjett. Dette skuldast ei enkeltsak som må sjåast som ekstraordinær.

Resultatet i perioden er 0,1 millionar svakare enn budsjett.

Akkumulert:


Inntektene er 1,1 mill. lågare enn budsjett. Årsaka til dette er hovudsakleg at vi ikkje har fått full betaling for utført aktivitet, men må vente på å få om lag 0,9 mill. på eit seinare tidspunkt. Vi har til no i 2017 hatt litt færre gjestepasientar frå andre regionar enn venta, og desse inntektene er om lag 0,3 mill. lågare enn budsjett. Diverse andre inntekter er litt høgare enn budsjett.

Samla sett er driftskostnadene 1,7 mill. lågare enn budsjett til no i år. Hovudforklaringa er lågare personalkostnader som følgje av vakante stillingar og at tilsette har hatt permisjon utan løn. Lågare sjukefråvær er også med på å bidra til lågare kostnader. Kostnader til kjøp av behandlingsslassar i andre regionar har vore høge til no i år, men det er ikkje grunn til å rekne med at desse kostnadene vil verte like høge framover.

Akkumulert har vi eit resultat som er 0,6 mill. betre enn budsjett.


MEDARBEIDARAR

Månadsverk:



Tal månadsverk i PHV vert redusert over tid. I februar har vi hatt nokre vakante stillingar.


Sjukefråvær:



Sjukefråværet var 6,1 prosent i januar mot 8,4 prosent i same periode førre år. Det er langtidssjukefråværet som er redusert.

KVALITET

Epikrise




I februar var 93 prosent av epikrisane sende innan fristen.

Korridorpasientar

Det er ikkje registrert korridorpasientar i februar 2017.


Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Periode	Ventetid
2016-feb	17
2016-mar	22
2016-apr	19
2016-mai	19
2016-jun	20
2016-jul	31
2016-aug	28
2016-sep	19
2016-okt	17
2016-nov	17
2016-des	25
2017-jan	19
2017-feb	18

Det er 207 pasientar som ventar på behandling ved utgangen av februar. Dei har i snitt venta 18 dagar. I februar 2016 var gjennomsnittleg ventetid 17 dagar.

Ventetid der behandling er starta i perioden



Periode	Ventetid
2016-feb	24
2016-mar	26
2016-apr	29
2016-mai	29
2016-jun	26
2016-jul	26
2016-aug	40
2016-sep	30
2016-okt	26
2016-nov	25
2016-des	27
2017-jan	34
2017-feb	26

Dei 137 pasientane som har fått starta si behandling i februar, har i snitt venta 26 dagar før behandlinga starta. I februar 2016 var gjennomsnittleg ventetid 24 dagar.

Ventetid i kalenderdagar

Ventande ved periodeslutt.

Ventetid i kalenderdagar	Pasientar	I prosent
1-10	70	35 %
11-30	98	49 %
31-90	32	16 %
91-180		
181-365		
365+		

Ventetidene er generelt korte i psykisk helsevern.

Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved periodeslutt	
	Pasientar	I prosent
Psykisk Helsevern Barn og Unge	0	0 %
Indre Sogn Psykiatrisenter	0	0 %
Nordfjord Psykiatrisenter	0	0 %
Psykiatrisk klinikk	0	0 %

Ingen fristbrot i PHV i februar.